

**Referat styringsgruppemøte for byregionprosjektet Fjell, Os, Lindås og Meland, 20. april 2017.**

**Stad:** Fjell Rådhus, Straume. Formannskapssalen 5.etg.

**Tid:** 09.00 – 11. 30 m/innlagt tid for mat

**Til stades:** Fjell kommune: Berit Karin Rystad, Meland kommune: Øyvind Helland Oddekalv og Anny Bastesen, Os kommune: Marie Elisabeth Bruarøy og Christian Fredrik Fotland, Lindås kommune: Nina Bognøy og Frøydis Ones

Eli Janette Fosso (prosjektleder/referent)

**Forfall:** Marianne Bjørøy (Fjell kommune), Hogne Haugsdal (Lindås kommune)

<b>Dagsorden:</b>	
1/17 Innkalling og godkjenning av dagsorden	Ingen merknader
2/17 Saker til eventuelt	Ingen saker meldt
3/17 Orienteringssaker:	
a. Samla framdrift i prosjektet (vedlegg 1: godkjent framdriftsrapport sendt KMD)	Prosjektet føl vedteken prosjekt- og tiltaksplan. Framdrift, mål og effektar av prosjektet er godkjent av KMD.
b. Erfaringar frå nasjonal nettverkssamling i Ålesund 21-23.  Neste nettverkssamling lagt til Haugesund 25.-26. oktober.	Fagleg god nettverkssamling m/samfunnsretta næringsutvikling og næringsretta samfunnsutvikling som gjennomgåande tema.  Styringsgruppa er invitert til å delta. Kommunereform og ny senterstruktur vil truleg verta eit tema på samlinga. <b>Neste styringsgruppemøte vert lagt til nettverkssamlinga i Haugesund.</b>
c. Avslutningskonferanse for vårt ByR-prosjekt januar 2018?	Arbeidsgruppa for ByR planlegg ein avslutningskonferanse for ByR-prosjektet i januar 2018. Det vert arbeid for å få på plass eit samarbeid kring konferansen med Hordaland fylkeskommune.
d. Bustad/bumiljøgruppa: status anbodsinvitasjon om undersøking kring barne-/ungdomsfamiliar sine bupreferansar og tankar kring å bu i fortetta bumiljø i regionsentra. v/temagruppa bustad/bumiljø	Anbodsinvitasjon sendt 5 moglege oppdragstakarar. Frist for å lever tilbod er 28. april. Kommunane har også gjennomført eigne analysar av kor mange som bur i/tett på regionsentra, type hushald (barn, unge, eldre, eineshald osv.) og kva type bustad dei ulike hushalda bur i. Desse analysane vert brukt som grunnlagsdata for undersøkinga kring barne-/ungdomsfamiliar sine bu-/bumiljøpreferansar.

4/17 Drøftingssaker:	
<p>a. Oppfølging av Telemarksforskning si attraktivitets- og tillitsundersøking. Workshop 31. mai og 14. juni for å utarbeide «Tiltaksmanual for næringsutvikling». Kva forventingar har vi til dette arbeidet? Innleiing v/temagruppa næring</p> <p>b. Oppfølging av Norconsult si undersøking kring hindringar for bruk av sykkel. Innleiing v/temagruppa sykkel</p>	<p>Det vart presentert foreløpige funn frå attraktivitets- og tillitsundersøkinga (presentasjon i vedlegg).</p> <p>Tre tema peika seg ut som moglege fokusområder for workshop/tiltaksmanual:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Samarbeidskultur mellom politikk, administrasjon og næringsliv (Os kjem best ut, kva kan vi andre lære?)</li> <li>2. Kva for utviklingspotensiale har kommunane innan «besøksnæringar»/reiseliv (alle fire kommunane har eit vekstpotensiale innan oppleving/reiseliv)</li> <li>3. Kompetansearbeidsplassar for å få ned pendlinga</li> </ol> <p>Norconsult kartlegg no bruk/hindringar for bruk av sykkel som transportmiddel til/frå regionsentra. Kunnskapsgrunnlaget skal nyttast:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• i utbetring av utpeikte sykkelstiar</li> <li>• til å søkje fylkeskommunale midlar for utbetring/bygging av nye sykkelstiar</li> <li>• som grunnlag for politisk sak knytt til vedtak om å verta sykkelby</li> </ul> <p>I alle kommunane vert det også arbeidd med haldningsskaping. Sykle til jobben kampanjen går no parallelt i alle fire kommunane.</p>